



Tor Bringedal er ein framifrå formidlar; - både skriftleg og munnleg.

Det har vore mykje vellæte å høyra om den nye boka til den dugande lokalhistorikaren og forfattaren Tor Bringdal, Kvinnherad 1945 - 65. Omveltning, Nyleg vart boka lansert under ei samling i Kulturhuset Husnes, og torsdag 10.desember kjem Bringedal til Uskedalen for å fortelja om boka og arbeidet med boka.

Det er også mykje godt stoff knytta til vår bygd i boka, og ein del uskedelingar har fått brei omtale. I den samanhengen nemner eg at det er ein velkjend uskedeling, Lars P. Haugland (AP), som stod for det slagferdige

sitatet på framsida av boka: ***Vi har brent oss durabeleg, lat oss tenkje oss godt om.*** Uttalen kom på bakgrunn av store kommunale tap og gjeldstap etter kraftutbygginga i Muradalen 1919/1920.

Det er svært mykje interessant historisk stoff frå denne 20-årsperioden etter krigen, og altså tida etter det som vart dekkja i den første boka til Bringedal. Innhaldet er delt inn i 9 kapittel/tema i boka som vert gjeven ut på eige forlag. Utgjevinga er støtta av: Norsafe, SKL og Hydro Husnes.

Torsdag 10.desember kl.19 kjem altså Tor Bringedal til gamleskolen. I tillegg til at han skriv godt, er han også ein framifrå munnleg formidlar. Derfor vert det heilt sikkert ei interessann og lærerik stund for alle historieinteresserte. Det vert eit møte å sjå fram til!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Kristian O. Bringedal